

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-L82	22/380

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022

## **Sak om utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bruk av massar til næringsområde ved Dragseidvegen**

### **Vedlegg:**

**Journalposttittel** tilkomstveg idrettsanlegget på Hosteland **Dato** 25.05.2022

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Det vert løyvd inntil krone 250.000 til utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bortkøring av steinmassar til næringsområdet ved Dragseidvegen. Midlane vert finansiert over disposisjonsfondet.**

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn og fakta:**

Masfjorden kommune ønskjer i samarbeid med Masfjord Fotballag å få utbetra tilkomstvegen ned den bratte bakken til idrettsanlegget. Utvidinga vil gje ein breiddutviding i svingen ved bom, ny gangveg med breidde 1,5 meter levert med toppdekke med grus, samt etablering av open grøft langs veg stelt til med pukk. Det er også vorte observert dårlig fjell i skjeringa over eksisterande veg, og det gjer at det er viktig å få gjort noko på denne staden.

Overskotsmassane (sprengt stein) er stipulert til 395 m<sup>3</sup> (faste), og inne i tilbodet som no ligg føre, kan steinmassane køyrast bort til det planlagde næringsområdet ved Dragseidevegen til ein kostnad på rundt 61.000 eks mva. Kostnaden med sjølve tiltaket utan bortkøring kjem på rundt krone 183.000,- eks mva. Totalt vil tiltaket koma på rundt krone 250.000,-

### **Vurdering**

Rådmannen vil peike på at denne saka berre gjeld utbetring av tilkomstvegen ned til idrettsanlegget,

og bortkøyring av massar frå dette arbeidet til det planlagde næringsområdet ved Dragseidevegen. Det vert vist til formannsskapsak 050/2022 i møte den 29.04.2022 om kjøp av dette næringsområdet.

Det vart den 24.05.2022 signert avtale med grunneigar i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vidare investeringar, som må gjerast i dette næringsområdet ved Dragseidevegen knytt til masseutskifting, planering og etablering av naudsynt infrastruktur med veg, vatn, avlaup, straum m.v. vil verta handsama i eiga sak når området er ferdig prosjektert. Eventuell avtale med den aktuelle næringsbedrifta, som ønskjer å etablere seg i området, bør og vera framforhandla før kommunen gjer ytterlegare investeringar på denne tomta. Ein vil og gje til kjenne at deler av denne tomta er myr, som på enkelte stadar er djup, og at det vil medføra stort behov for tilkjørte massar når denne tomta skal opparbeidast. Ein del av desse massane kan takast frå overskotsmassane frå utsprenginga av parkeringsplassen ved idrettsanlegget. Eigar av næringsarealet opnar for at kommunen først kan ta området i bruk når tomta er vorte overført kommunen. Venteleg vil det skje i løpet av sommaren.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil krone 250.000 til utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg, inkludert bortkøring av steinmassar til næringsområdet ved Dragseidvegen.

### **Formannskapet - 060/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Det vert løyvd inntil krone 250.000 til utviding av tilkomstvegen til Nordbygda idrettsanlegg og bortkøring av steinmassar til næringsområdet ved Dragseidvegen. Midlane vert finansiert over disposisjonsfondet.**